

GENERALFORSAMLINGS PROTOKOLL FOR HAREIDSSTEMNA 2009



TID: Tysdag 23.02.10
Stad: Ressursenteret

Det møtte ingen andre enn styret, kasserar og 2 medl. frå valnemnda, ingen frå kommuna.

Følgende kor/korps var representerte:

Hareid Kammerkor, Musikklaget Melshorn, Bigset Blandakor, Gollj og Gråstein, Hjørungavåg Brass
Brandalskoret, Vox Virorum og Grimstadkoret.

Sak 1. Godkjenning av innkalling og sakliste.

Vetakt: Innkalling og sakliste er godkjend.

Sak 2. Val av møteleiar og sekretær samt 2 personer til å skrive under protokollen.

Vetakt: Følgende blei valt:

Hans Otto møteleiar
Evy Ann sekretær
Turid Engen og Kjell Arve Østrem til å skrive under protokollen.

Sak 3. Årsmelding samt evaluering av Hareidsstemna 2009.

Kari Janne las årsmeldinga

Vetakt. Årsmeldinga vart godkjend med litt tilleggsinformasjon:

-Få med at Ingvild Mork og Truls Håbakk var solistar under konserten til Gollj og Gråstein.

-Grunnen til at Åge Røren og Christian Nettet Dimmen fekk heider på festen.

Evaluering:

- Det var ein flott fest.
- Det er blitt vanskelegare å finne "stjerner" som trekker publikum etter at Sjøborg og Eiksundsambandet er etablerte.
- Vi må få Vikebladet til å balansere redaksjonell omtale av arrangementa mellom Hareid og Ulstein på ein betre måte. Lanseringa av Carola konserten på Sjøborg kolliderte med innspurten av billettsalet til konsertane våre noko som førte til at billettsalet stupte dei to siste vekene før stemnet starta.
- Skal vi halde på det eksisterande konseptet på festen, er den for sidrompa/skal vi fornye oss?
- Fin variasjon i programmet på festen.
- Positivt med humorinnslag og husorkester.
- Lyden frå Lydkjellaren var verdt kvar ei krone i tillegg til at personane var enkle å samarbeide med. Lydprøvene var nyttige i motsetnad til tidlegare år. Filminga var dårleg men dette betalte vi ikkje for.
- Bør sørge for at kommuna legg inn informasjon om Hareidsstemna på heimesida si.
- Kva gjer vi for å få fleire frå organisasjonane i kommuna til å møte på generalforsamlinga.

Sak 4

Rekneskap for 2009

Rekneskapen var ferdig revidert av Jarle Klungsøyr.

-Trygve gjekk igjennom rekneskapen som viser eit underskot på kr 91 915,92.

I tillegg til dette kjem tonoavgift på kr 9206 og rentekostnader på amfiet på kr 30 477 som er påløpt etter at rekneskapen var avslutta. Husleiga til kommuna på kr 16 800 har vi søkt om fritak for men ikkje fått svar enda.

Vi har 2 sponsorar som vil støtte med ytterlegare 30 000 kvar slik at desse utgiftspostane blir dekte og vi har ca 10 000 på konto til å starte det nye året med.

Inn i dette beløpet ligg Fylkeskulturprisen på kr 50 000.

-Dei store reiseutgiftene på artistane vart kommenterte.
Hareidsstemna kan sjeldan nytte seg av artistar som er på turne pga at vi er låste til ei fast veke i året. Dette fører til at vi må koste reisene til artistane frå ulike kantar av inn og utland noko som og kan drage med seg overnattingar.

Vedtak: Rekneskapen vart godkjend.

Sak 5 Forslag om vedtektsendring – utviding av styret. Frå 3 til 4 representanter/ skriv om punkt 2.

Vedtak: Punkt1 .
Styret for Hareidsstemna skal vere samansett av fire representantar valde av generalforsamlinga for to år i gongen og med høve til attval, og to vararepresentantar valde kvart år. Ved eventuell stemmelikheit har leiaren dobbeltstemme.
Punkt 2 .
Styret konstituerer seg sjølv og vel styreleiar og kasserar for eitt år om gangen, kasserar kan veljast utanom styret.

Sak 6. Val av styrerepresentantar og varamedlemer.

<u>Vedtak:</u>	Styret: Hans Otto Øvrelid	leiar på val 2011
	Evy Ann Sundgot	på val 2012
	Harry Fjelle	på val 2011
	Kjell Arne Utgård	på val 2012
	Vara:	
	1. Bodil Røyset	på val 2011
	2. Dag Brekke	på val 2011

Medlemmer til styret i Johan H Grimstads Minnefond.

Steinar Grimstad	på val 2012
Jon Kåre Mork	på val 2012

Sak 7. Val av valnemnd og revisor.

Vedtak: Valnemnd: Elisabeth Warpe, Lidvar Grimstad, Turid Engen
Revisor: Jarle Klungsøy

Sak 8. Budsjett for 2010

Årsmøtet meiner at kor og korps som opptrer på festen bør betale inn ein sum til inngangspenger i forkant av festen, dette for å få nok inntekter til å betale rentene på amfiet. Dette må ein eventuelt informere om skriftleg der det kjem fram at dette er tidsavgrensa så lenge Hareidsstemna betaler renteutgiftene til amfiet, og at ein bør sjå det som eit bidrag i amfiet.

Målet for 2010 er å kome på pluss sida igjen, vi har gode sponsorar men vi må prøve å få meir kontroll på spesielt reiseutgiftene.

Vedtak: Årsmøtet gir styret løyve til å regulere budsjettet etterkvart som dei endelege arrangementa er på plass.

Sak 9 Kronerulling til flygel.

Vedtak: Årsmøtet oppmodar styret til å finne nokre namn som kan sparke i gang ei kronerulling til innkøp av flygel.


Sak 10. Drøfting av nye idear/tiltak for stemneveka 2010.

- Carola
- Ole Edvard Antonsen
- Få til meir for dei små/ungdomen, rockekonsert.
- Opprette ei arrangementsnemnd som kan avløyse/hjelpe styret i praktiske oppgåver .

Vedtak: Årsmøtet gjev styret løyve til å oppnemne ei arrangementsnemnd på bakgrunn av representantar frå lag og organisasjonar i kommuna.

Referent: Evy Ann.

Turid Engen



Kjell Arve Østrem

